UiT
NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

Avdeling for utdanning
Arkivref: 2017/5128/JJO010
Dato: 19.02.2018

SAKSFRAMLEGG

Til:	Møtedato:	Sak:
Læringsmiljøutvalget	01.03.2018	

Utkast til ruspolicy ved UiT Noregs arktiske universitet

Innstilling til vedtak:

1. Læringsmiljøutvalet vedtek utkastet til ruspolicy med dei innspela som kjem fram i møtet
2. Læringsmiljøutvalet ber om at ruspolicyen blir sendt ut på høyring til relevante høyringsinstansar

Bakgrunn

Læringsmiljøutvalet (LMU) peika i oktober 2017 ut ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å utarbeide ein felles ruspolicy for studentar og tilsette ved UiT. Mandatet for arbeidet blei vedteken av LMU i desember 2017. Gruppa består av følgjande medlemmer:

- Marte Seland (studentrepresentant)
- Sebastian Henriksen (studentrepresentant)
- Linda Okstad (assisterande instituttleiar, IHO)
- Ingrid Rabbe Larsen (Studentsamskipnaden)
- Kent Ronny Karoliussen (KoRus Nord)
- Jørund Jørgensen (LMU-sekretariatet)

Studentrepresentantane har delt på leiaransvaret og sørga for framdrift mellom møta. Gruppa har sidan ho blei konstituert hatt tre møte kor eit utkast til policy har blitt utarbeida. LMU blir i denne saka bedd om å gi sine innspel til det vedlagte utkastet.

Nærare om utkastet

Arbeidsgruppa har vore opptekne av at ruspolicyen bør vere på eit overordna nivå, og at policyen skal bli oppfatta som rettleiande og ikkje instruerande i forma. Som mandatet òg legg opp til, er formålet med policyen å gi nokre køyrereglar knyta til rusrelaterte problemstillingar og alkoholbruk. Det har derfor heller ikkje vore ønskeleg å gi ei anbefaling om at dei ulike einingane ved UiT sjølv bør utarbeide utfyllande retningsliner som eit supplement til ruspolicyen. Gruppa si vurdering er at det vil vere opp til kvar enkelt eining ved UiT å vurdere behovet for egne retningsliner. Gruppa ønsker likevel at LMU vurderer om det vil vere hensiktsmessig å gi ei slik anbefaling i sjølve policyen.

Ruspolicyen er delt opp i tre delar; formål, UiTs haldningar og køyrereglar. Når det gjeld bruk av omgrep har gruppa hatt ein diskusjon på om ein bør nytte omgrepet læringsmiljø eller studiemiljø i policyen. Omgrepet læringsmiljø kan i denne samanhengen bli oppfatta som at policyen berre vil

gjelde i sjølve studiesituasjonen (t.d. førelesningar, seminar og ekskursjonar i regi av UiT). Omgrepet studiemiljø vil etter gruppa si vurdering i tillegg famne noko breiare, som t.d. sosiale settingar kor studentar og tilsette vil møtast i ei meir uformell ramme. Gruppa ønsker LMU sine innspel på kva for slags omgrep som bør nyttast i ruspolicyen.

Gruppa har hatt som utgangspunkt at ruspolicyen ikkje bør overstige ei A4-side. Gruppa ser vidare for seg at policyen vil bli publisert på ei eige nettside etter same mal som nettsida for seksuell trakassering som nyleg har blitt etablert. Policyen skal i tillegg bli trykt opp i eit høveleg format. På baksida av den trykte versjonen av ruspolicyen legg arbeidsgruppa opp til at det skal bli gitt same kontaktinformasjon som på nettsidene, om nokon har behov for vidare rettleiing. Gruppa har så langt ikkje tatt stilling til relevante kontaktpunkt.

Vidare høyringsprosess

Etter at LMU har gitt sine innspel blir det foreslått at ruspolicyen blir sendt ut på ei brei høyring. Arbeidsgruppa anbefaler at policyen blir sendt på høyring til følgjande instansar:

- Fakulteta, Studentparlamentet, Studentsamskipnaden, Arbeidsmiljøutvalet, Avdeling for personal og organisasjon, arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta.

Høyringa blir sendt ut og koordinert av LMU-sekretariatet. Høyringsfristen bør vere på minimum tre veker. Arbeidsgruppa legg opp til å ha eit nytt møte etter høyringsfristen for å arbeide vidare med dei innspela som kjem inn. Eit endeleg forslag til ny ruspolicy vil bli presentert for LMU i mai månad. Målet er at ruspolicyen skal bli vedteken av universitetsstyret før sommarferien. Policyen vil deretter bli lagt ut på nett og trykt opp i god tid før studiestart hausten 2018.

Hege Svendsen e.f.
konst. seksjonsleiar

Jørund Jørgensen
seniorrådgivergivar
–
jorund.jorgensen@uit.no
77 62 31 33

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur

Vedlegg
1 Utkast til ruspolicy